


NORD-TRØNDDELAG TEATER PRESENTERER:

# TALE PÅ TRÆNE

FRÅ OLAV DUUNS «MEDMENNESKE»-TRILOGI

Ragnhild Vannebo  
Jon Pål Inderberg



REGI:

Liv Hege Nylund

NORD-TRØNDDELAG  
**TEATER**

*PROGRAM*

# Tale på træne

"Tale på træne" er ein ny Duun-monolog som tek utgangspunkt i Medmennesketrilogien. Monologen opnar med ein presentasjon av Tale før ho, som hos Duun, set seg på toget (træne) og reiser sørover for å hente heim Ragnhild etter tukthuset.

Tale er værmor til Ragnhild, som vart gift med sonen hennar, Håkon. I ein naudssituasjon lyfta Ragnhild øksa mot værfar Didrik og drap han. Ho fekk erfare at DET VONDE DREP DU IKKJE MED ØKS

Olav Duun (1876 - 1939) frå Jøa i Namdalen dikta på nynorsk. Men han tillet seg å la trønderklangen og namdalsk måte å uttrykke seg på, avspegle seg i nynorsk-bruken sin. Difor er det lett å føre over hans nynorsk til namdalsk dialekt på scenen i kombinasjon med rein nynorskforteljing.



# Medverkande



Ragnhild Vannebo er ein erfaren skodespelar med røter i Namdalens historie. Ho er kjend som ein sterkt forkjempar for nynorsken, og har ein særskild kjærleik for Olav Duun sitt forfattarskap. Vannebo har tidlegare skrivi ut monologen "Lea på stranda", framført i 1984 ved Nord-Trøndelag Teaterverksted, turne for Riksteatret i 1989 og "Ragnhilds veg", framført under Vestfold-festspillene i 1998. Denne gongen vil ho gje ordet til Tale.



John Pål Inderberg er ein allsidig saksofonist med sans for eit spontant musikalsk uttrykk. Sopran- og barytonsaksofonen hans kan høyrast på ei lang rekke plateinnspelinger. Ved sidan av si utøvande verksemd, har Inderberg vore professor ved jazzlinja på NTNU i Trondheim.



Liv Hege Nylund har regien. Ho er instruktør, skodespelar og tidlegare teatersjef ved Nord-Trøndelag Teater. Ho har lang erfaring med forteljarteater t.d. "Skavhøggen", "I skyggen av Nora", "Ladyen av Burma" og "Elsa Laula".

**Premiere**

**Solvoll forsamlingshus, Skage  
Torsdag 14. februar kl. 19.00**

**Turné:**

**Ørland 16. februar  
Steinkjer 19. februar  
Støren 21. februar  
Stjørdal 2. mars  
Trondheim 5. mars  
Grong 9. mars  
Jøa 27. juni**

Eit tilbod til bibliotek og andre lokale arrangørar i høve Språkåret 2013. Forestillinga ligg i repertoar og kan bestillast.

Fleire spelestader kan komme til. Følg med på heimesida vår [www.nordtrondelagteater.no](http://www.nordtrondelagteater.no).